

Innhald i ny politikk i ei stortingsmelding for å betre tilstanden for villrein

Administrativt innspel frå Verneområdestyret for SVR, Villreinnemnda for Setesdalområde, Setesdal Ryfylke villreinlag, Setesdal Austhei villreinlag og Statsforvalteren i Rogaland

Innleiing

Temaet «Innhald i ny politikk i ei stortingsmelding for å betre tilstanden for villrein» ligg ganske tett opp til tema på dei to tidlegare innspelsmøta. Noko vil derfor bli ei gjentakning av tidlegare innspel, men det vil og være nye moment.

I Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei er ein nå godt i gang med arbeidet med tiltaksplanar etter kvalitetsnormen. Gjennom dette arbeidet vil det komme opp forslag til ei lang rekke tiltak, og blant desse vil det og være tiltak som berører temaet ny politikk. Arbeide med tiltaksplanane blir leia av Statsforvalteren i Agder.

Aktuelle tiltak og verkemiddel

Hytteområde nær villreinområde

Det må på plass ein ny nasjonal hyttepolitikk som slår fast at lokalisering av nye hyttefelt skal skje utanfor område som gir økt aktivitet og ferdsel inn i nasjonale villreinområde. I kritiske trekkområder bør det bli innført byggestopp av hytter. Det må og stillast krav om at det for nye hytteområde skal ligge føre ein godkjent sti- og løypeplan før bygging kan starte. For stader med stor tomtereserve nær viktige villreinområde, må det vurderast å sanere godkjente planar.

For eksisterande hytteområde som medfører ferdsel inn i villreinområde må det stimulerast kraftig til utarbeiding av sti- og løypeplanar for betre styring og kanalisering av ferdsla. Slike planprosessar skapar stort engasjement lokalt og aukar medvitet for konsekvensane ferdsel har for villreinen. På grunn av behovet for brei medverknad er desse planprosessane er krevjande å drive for små kommunar. Det vil derfor være eit stort behov for økonomisk støtte. Det må og settast av midlar til tilrettelegging av turmål som styrer ferdsel bort frå område som er kritiske for villreinen.

For eksisterande hytteområde i og ved kritiske trekkområder må det settast av midlar slik at ubygdte hyttetomter kan kjøpast opp av staten.

Det må og vurderast eit generelt forbod mot maskinpreparering av skiløyper i viktige vinterbeiteområder for villreinen.

Turistforeininganes hytte- og løypenett i nasjonale villreinområde

Det må stillast krav om utarbeiding av regionale sti- og løypeplanar for turistforeininganes hytte- og løypenett i nasjonale villreinområde. Føremålet med planane skal være at framtidens løypenett skal medføre mindre forstyrring av villrein, noko som vil medføre at løypetilbodet nokre stadar vil bli redusert i forhold til dagens nivå. Det må og settast av midlar til gjennomføring av desse planprosessane. I tillegg må det settast av midlar til gjennomføring av tiltak som blir føreslått gjennom desse planane. Til dømes kan flytting av ei turisthytte ha ein kostnad på inntil 10 millionar kroner.

Betre juridiske verktøy for arealforvaltninga og bestandsforvaltninga i nasjonale villreinområde

Kommunar, villreinnemnder og nasjonalpark/verneområdestyrer må få fleire og betre juridiske verkemiddel

Det må på plass lovheimlar som kan opne for innføring av jaktfrie soner i områder som er særleg viktige for villreinen, til dømes kritiske trekkorridorar. Dette er inngripande tiltak som berre er aktuelt i små område og/eller avgrensa tidsrom, dersom ein ikkje kjem fram til frivillige ordningar.

Det må på plass lovheimlar som gjer det mogleg å krevje pliktig organisering av rettshavarar i villreinområda for å sikre betre organisering av jakta og mindre stress på villreinen.

Det må på plass lovheimlar som gjer det mogleg for kommunane å regulere maskinpreparering av skiløyper i villreinområde.

Det må på plass lovheimlar som gjer det mogleg å regulere ferdsel til fots i område og tider på året som er særleg viktige for villrein. Dette er og inngripande tiltak som må brukast med varsemd, men må være ein moglegheit der ein ikkje kjem fram til frivillige ordningar. For verneføreskrifter som alt har slike heimlar, må det opnast for at desse kan brukast.

Det må på plass lovheimlar som gjer det mogleg å regulere nye ferdselsformar og organisert aktivitet som er til skade for villrein.

Eldre verneforskrifter for verneområde med villrein må oppdaterast. Verneformåla må inkludere villrein og naudsynnte reglar for ivareta funksjonsområder for villreinen må inn i føreskriftene.

Prinsippet om at anleggsveggar skal være opne for ålmenta si motorferdsel må speglvendast. I dag er anleggsveggar i utgangspunktet opne, og innføring av restriksjonar på ålmentas motorferdsel er berre mogleg etter omfattande prosessar. På eksisterande anleggsveggar som blir stengt for allmenn motorisert ferdsel må ein også kunne regulere bruken av sykkel.

Samferdselsprosjekt i villreinområde

For alle nye samferdselsprosjekt i nasjonale villreinområde må det veljast løysningar som betrar forholda for villreinen. Særleg relevant er val av tunnelloysing og opplegg for opning/stenge tider for veg.

For eksisterande riksveggar og fylkesveggar som utgjer barrierar for villreinen skal det utarbeidast planar for korleis forholda for villreinen kan betrast. Særleg tunnelloysingar og villreinoverbygg skal vurderast.